



Utval: Formannskap
Møtestad: Hamaren, Næringshagen
Dato: 21.02.2019
Tid: 08:30 – 10:00

Fylgjande medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Erik Skjervagen	Ordførar	AP
Olav Gisle Noraberg	Varaordførar	AP
Kjell Sverre Thoresen	Medlem	SP
Anne Serine Nærum	Medlem	AP

Fylgjande medlemmer møtte ikkje:

Namn	Funksjon	Representerer
Tone Irgens Veum	Medlem	SP

Fylgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Guro Blessum Libjå	Tone Irgens Veum	SP

Fylgjande frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Ketil O. Kiland	Rådmann
Une Marit Aarbakk Tangen	Ass. rådmann
Kjersti Bergland	utvalssekretær

Saker til handsaming: (sak nr./år, f.o.m. – t.o.m.)

7/19 – 10/19

Merknader til møteboka:

Godkjenning av protokoll:

Erik Skjervagen
ordførar

Fellestenesta
utvalssekretær

Rådmannen si godkjenning, jfr. sakshandsamingsrutiner pkt. 12.0:

Ketil O. Kiland
rådmann

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald
---------------------------	----------------

PS 7/19	Referatsaker
---------	--------------

PS 8/19	Søknad om tilskot frå næringsfondet for etablering på Sitje Søndre
---------	--

PS 9/19	Søknad om tilskot til bygging av klatrerute opp Skredfjell
---------	--

PS 10/19	Flytte til Fyresdal - prosjekt
----------	--------------------------------

Fyresdal 14. februar 2019

Erik Skjervagen
ordfører

Fellestenester
utvalssekretær

PS 7/19 Referatsaker

I møtet:

- Vidare behandling av vilkårsrevisjonen av Finndølavassdraget.
 - Det har kome fram i plan- og miljøutvalet at sakshandsamar er ugild grunna eigarinteresser i området.
 - Alternativet er ny utredning eller at kommunestyret handsamar grunnlaget på fritt grunnlag.
 - Formannskapet ynskjer å kvalitetsikre utgreiinga og spør Faun AS om dei kan gjere det.
 - Sjekke om overføringstunnelen frå Tusstjønn til Ramsvatn høyrer med til revisjonen.
 - Må søkje om ny utsetjing av høyringsfristen.
- Avdelingsleiar helse og omsorg har slutta i stillinga grunna personlege og private forhold. Administrasjonen søkjer å finne ei løysing på kort sikt.
- Administrasjonen har leigd inn konsulent frå CR Group for å vere couch for leiargruppa og som eit ledd i arbeidet med leiarutviklingsprogrammet.

RS 3/19 Orientering frå administrasjonen

RS 4/19 Økonomigjennomgang

RS 5/19 Årsrapport 2018 Fyresdal Turlag

PS 8/19 Søknad om tilskot frå næringsfondet for etablering på Sitje Søndre

Innstilling frå rådmannen:

Fyresdal kommune løyver kr 280.000,- i tilskot til eigarane av Sitje Søndre gbnr 39/2 og 39/13, Sigrun Rørdal Rekvik og Thomas Rekvik til kjøp av mjølkekvote på 292.000 liter. Løyving frå konto 1410.470.325 næringsfondet som går ned frå kr 2.108.000,- til kr 1.828.000,- . Tilskotet utbetalast etter gjeldande reglar for bruk av næringsfondet, mot framlagte kvittering for betalt faktura.

Handsaming i Formannskap - 21.02.2019

Framlegg frå ordføraren:

Dersom mjølkekvota blir selt ut av kommunen skal tilskotet tilbakebetalast.

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen med framlegget frå ordføraren.

Vedtak i Formannskap - 21.02.2019

Fyresdal kommune løyver kr 280.000,- i tilskot til eigarane av Sitje Søndre gbnr 39/2 og 39/13, Sigrun Rørdal Rekvik og Thomas Rekvik til kjøp av mjølkekvote på 292.000 liter. Dersom mjølkekvota blir selt ut av kommunen skal tilskotet tilbakebetalast. Løyving frå konto 1410.470.325 næringsfondet som går ned frå kr 2.108.000,- til kr 1.828.000,- . Tilskotet utbetalast mot framlagte kvittering for betalt faktura.

PS 9/19 Søknad om tilskot til bygging av klatrerute opp Skredfjell

Innstilling frå rådmannen:

Fyresdal kommune gir eit tilskot på inntil kr 250.000 frå næringsfondet til etablering av Via Ferrata i Skredfjell. Løyving frå konto 1410.470.325 næringsfondet som går ned frå kr 1.828.000 til kr 1.578.000. Fyresdal kommune føreset at Innovasjon Norge gir likelydande tilskot. Om tilskotet frå Innovasjon Norge blir mindre enn omsøkt reduserast tilskotet frå Fyresdal kommune tilsvarande. Tilskotet vert utbetala etter gjeldande reglar for bruk av det kommunale næringsfondet.

Handsaming i Formannskap - 21.02.2019

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen.

Vedtak i Formannskap - 21.02.2019

Fyresdal kommune gir eit tilskot på inntil kr 250.000 frå næringsfondet til etablering av Via Ferrata i Skredfjell. Løyving frå konto 1410.470.325 næringsfondet som går ned frå kr 1.828.000 til kr 1.578.000. Fyresdal kommune føreset at Innovasjon Norge gir likelydande tilskot. Om tilskotet frå Innovasjon Norge blir mindre enn omsøkt reduserast tilskotet frå Fyresdal kommune tilsvarande. Tilskotet vert utbetala etter gjeldande reglar for bruk av det kommunale næringsfondet.

PS 10/19 Flytte til Fyresdal - prosjekt

Innstilling frå rådmannen:

Fyresdal kommune gjer avtale med Faun AS om gjennomføring av prosjekt «Flytte til Fyresdal» til ein samla sum av kr 300.000,-. Løyvinga blir å ta frå næringsfondet kto. 1410.470.325 som går ned frå kr 1.578.000,- til kr 1.278.000,.

Det opprettast ei prosjektgruppe samansett av programleiar for omstillingsprosjektet, kulturkonsulenten og arealplanleggaren i kommunen. Prosjektansvarleg for «Flytte til Fyresdal» er leiar av prosjektgruppa.

Handsaming i Formannskap - 21.02.2019

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen.

Vedtak i Formannskap - 21.02.2019

Fyresdal kommune gjer avtale med Faun AS om gjennomføring av prosjekt «Flytte til Fyresdal» til ein samla sum av kr 300.000,-. Løyvinga blir å ta frå næringsfondet kto. 1410.470.325 som går ned frå kr 1.578.000,- til kr 1.278.000,.

Det opprettast ei prosjektgruppe samansett av programleiar for omstillingsprosjektet, kulturkonsulenten og arealplanleggaren i kommunen. Prosjektansvarleg for «Flytte til Fyresdal» er leiar av prosjektgruppa.